



Arkivnr: 2017/14894-1

Saksbehandlar: Arne Åsan

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

Auke av takstar for tannbehandling

Samandrag

Tannhelsetenesta i Hordaland har pr 2. kvartal ein rekneskapsprognose på minus 10 mill. I arbeidet med å redusera overforbruket i 2017 har fylkesrådmannen iverksett fleire tiltak. Tiltaka har som mål både å redusera kostnader, men og å auka inntektene.

Fylkesrådmannen fremmar difor forslag om å auka takstane for tannbehandling av vaksne betalande pasientar med 5% frå og med 15. oktober 2017.

Forslag til innstilling

Takstane for tannbehandling av vaksne betalande pasientar blir auka med 5% frå og med 15. oktober 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Arne Åsan
fylkestannlege

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.08.2017

Fylkestinget vedtok takster for tannbehandling av voksne betalende pasientar i samband med handsaming av budsjett 2017. Samla inntekter frå tannbehandling av voksne betalende pasientar er i 2017 budsjettert til om lag 84 mill.

For å oppnå budsjettbalanse i 2017 er det i kvart tannhelsedistrikt budsjettert med:

Sentrum tannhelsedistrikt:	kr 16.230.000,-
Nord tannhelsedistrikt:	kr 19.700.000,-
Vest tannhelsedistrikt:	kr 18.900.000,-
Sør tannhelsedistrikt:	kr 6.965.000,-
Aust tannhelsedistrikt:	kr 8.800.000,-
Spesialistklinikken Tk Vest/Hordaland:	kr 13.400.000,-
Totalt	kr 83.995.000,-

Tannhelsetenesta i Hordaland har pr 2. kvartal ein rekneskapsprognose på minus 10 mill. I arbeidet med å redusera overforbruket i 2017 har fylkesrådmannen iverksett fleire tiltak. Tiltaka har som mål både å redusera kostnader, men og å auka inntektene.

Fylkesrådmannen fremmar difor forslag om å auka takstane for tannbehandling av voksne betalende pasientar med 5% frå og med 15. oktober 2017.